

Til
Lokalforeiningar og lokalråd,
distriktsstyret, distriktråda,
leiarar i valnemnder, revisor, kontrollkomiteen

Førde, 10. februar 2024

INNKALLING TIL DISTRIKTSÅRSMØTET 2024; 15. – 17. mars i Balestrand

Viser til tidlegare annonsering i Agenda med informasjon om årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 2024. Årsmøtet vert halde på Kviknes hotell i Balestrand.

I år vert det ikkje ein kveikande innleiar fredag kveld. Fleire har meldt frå at det har vore ei litt stressande inngang til årsmøtehelga å skulle nå dette innslaget fredag etter arbeid. Distriktsstyret har difor konkludert med at inngangen til helga skal vere litt meir avstressa, og at dei som kjem fredag møtes til drøs og middag etter kvart som dei kjem fram.

Valmøta til distriktråda og for lokalforeiningane vert laurdag 16. mars før lunsj. Sjølve distriktsårsmøtet startar same dag etter lunsj.

Sundag morgon startar vi med eit relevant tema, og som vi håpar vil opplevast fengande.

Dagsorden og saksdokument til distriktsårsmøtet vert sendt pr. e-post innan 24. februar til lokalforeiningane og lokalråda, og til delegatar og observatørar som då er påmeldt årsmøtet. Papirversjonen av saksdokumenta vert ettersendt til dei som vil ha dei i hende før årsmøtet. Alle saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg i papirform for alle som deltek på årsmøtet.

Påmelding til årsmøtet skjer ved å gå inn på denne lenka www.rodekors.no/sfj/arsmote og legge inn naudsynt informasjon. Påmeldingsfristen er sundag 3. mars.

Kvart lokalråd kan delta med både leiar og nestleiar (to delegatar) i dei respektive valmøta til distriktråda. I årsmøtet kan lokalforeiningane vere representert med inntil fire delegatar; ein frå lokalforeininga og ein frå kvart lokalråd. Lokale ledd kan ha med observatørar til alle møte.

Distriktsstyret ber lokalforeiningane og avdelingane drøfte årsmøtesakene i sine styre, slik at alle er godt førebudde og deltek aktivt under årsmøteforhandlingane!

Avtalt pensjonspris med hotellet for buande gjestar (pr. person):

- fredag kveld (inkl. middag) - søndag (inkl. lunsj) i enkelt-/dobbelrom: 4240,-
- fredag kveld (inkl. middag) - lørdag (inkl. lunsj) i enkelt-/dobbelrom: 2120,-
- laurdag (rundstykke ved ankomst) – søndag (inkl. lunsj) i enkelt-/dobbelrom 2815,-

Prisar for ikkje buande (pr. person):

- Dagpakke laurdag med kaffipausar og lunsj: 695,-
- Dagpakke laurdag med kaffipausar, lunsj og festmiddag: 1195,-
- Dagpakke søndag med kaffipausar og lunsj: 695,-

Lokalforeiningane betalar for alle sine deltakarar samla (inkl. delegatar og observatørar frå lokalråd, avdelingar og grupper). Det vert sendt ut faktura etter avslutta årsmøte.

Distriktsstyret ser fram til eit aktivt og gjevande årsmøte, til beste for den einsskilde deltakar og Røde Kors-organisasjonen. Vi ynskjer gjester, representantar og observatørar hjarteleg velkomne til hyggjelege årsmøtedagar i Balestrand.

Vel møtt!

Med helsing
for SOGN OG FJORDANE RØDE KORS

Synøve Sande/s
Distriktsleiar